

## Lirula macrospora (granbarstripesopp)

Soppsjukdom

Venche Talgø og Arne Stensvand, Planteforsk Plantevernet  
venche.talgo@planteforsk.no

### Samandrag

Granbarstripesopp er vanleg på gran i Sør-Noreg. Angrep fører til daude nåler og dermed redusert vekst. Trea vert ikkje heilt øydelagde, men pryddverdien i anlegg vert redusert. Soppen angrip 10-40 år gamle grantre, og den er truleg ingen trussel mot juletreproduksjonen.

### Summary

Lirula needle cast is common on spruce in Norway. It reduces the growth rate, and since the dead needles are attached to the trees for 2-3 years, the value as an ornamental decline.

### Vertplanter

Fig. 1 og 2 syner symptom av granbarstripesopp på vanleg gran (*Picea abies*) frå Frogn i Akershus (jan. 2004), men andre granartar kan også få angrep. Denne soppen er vanleg i Sør-Noreg, og den er også funnen i Nordland.

På einiskilde nåler av kjempeedelgran (*Abies grandis*) og nordmannsedelgran (*Abies nordmanniana*) er det i prosjektet "Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen" funne sporehus som liknar *Lirula*, men utan å finna sporar som kan stadfesta dette sikkert. Frå USA er det kjent at *Lirula abietis-concoloris* angrip ulike edelgranartar.



Fig. 1. Vanleg gran med angrep av granbarstripesopp. På denne prøven hadde berre sporar av konidiestadiet utvikla seg. Foto: E. Fløistad

### Symptom og biologi

Granbarstripesopp angrip enkeltnåler på 10-40 år gamle tre. Soppen infiserar nye nåler like

etter knoppsprett. Symptoma kjem til syne utpå hausten. Dei sjuke nålene vert lysgule til raudbrune. Seinare vert dei lysbrune og får eit markert, svart band ved basis av nåla.



Fig. 2. På denne prøven av vanleg gran var det tett med askosporar av granbarstripesopp i avlange, svarte svellingar. Foto: E. Fløistad

Det svarte bandet/ringen ved nålebasis vert danna fordi det vert opphoping av fenolstoff. Denne ringen vert danna der nålene til vanleg løysnar på daude nåler. Det har synt seg at ringen hindrar nålene i å falla av. Dei brune nålene vert difor hengjande på trea i 2-3 år, og soppen kan dermed lett smitta over på nye nåler.

Året etter infeksjon kjem det til syne vassaktige, elipseforma blærer som etter kvart vert svarte. Desse inneheld konidiesporar (jf. Fig. 1). Avhengig av vêret, vil desse blærene etter nokre månadar til eit år, verta etterfylgde av sporehus (hysterothecia) som framtrer som svarte, skinande svellingar under nålene. Svellingane er på 2-8 mm og ligg som svarte pølser langs nålene (Fig. 3). Desse svellingane inneheld ein annan type sporar (askosporar) enn dei blærene som vert danna fyrst. Mogne askosporar vert spreidde med vind i fuktig vær.

Angrep av granbarstripesopp er sjeldan alvorleg, men trea får skjemmaende utsjånad og veksten kan verta redusert. Truleg er soppen ingen trussel mot juletreproduksjonen.



Fig. 3. Dei avlange svarte felta/svellingane på desse brune grannålene inneheld askosporar av granbarstripesopp. Foto: E. Fløistad

### Tiltak

Det er lite å finna i litteraturen om tiltak mot denne soppen, men observasjonar tyder på at angrepa er størst på våte lokalitetar og ved dårleg lystilgang. Unngå difor tett planting på skuggefulle område med dårleg opptørking etter nedbør.

**Prosjekttittel:** Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen (2001-2003)

**Finansiering:** SND, NGF, eigeninnsats

**Styringsgruppe:**

Harald Rømuld (prosjektansvarleg), Norsk Pyntegrønt  
Inger Hilmersen, Norsk Gartnerforbund  
Tønnes Straum, produsent

Terje Pundsnes (leiar for styringsgruppa), Pyntegrøntringen  
Morten N. Andersen, Skogselskapet

Arne Stensvand (fagleg ansvarleg) og Venche Talgø, Planteforsk Plantevernet



Kjem som vedlegg til Norsk Pyntegrønt i 2004